



ÅL KOMMUNE

Torget 1

3570 ÅL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Brage Sævarang, 32266607

Vedtak om løyve etter forureiningslova til utfylling av massar i Strandafjorden i Ål kommune

Statsforvaltaren i Oslo og Viken har ferdigbehandla søknaden frå Ål kommune, og gir løyve etter forureiningslova til utfylling i Strandafjorden (gbnr. 128/10, 125/2, 127/28, 1007/1 og 125/19) i Ål kommune.

Løyve med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt.

Statsforvaltaren fattar vedtak om gebyr på kr 37 400,- for behandling av søknaden.

Vedtaket om løyve og gebyrfastsetjing kan klagast på av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken viser til søknad datert 08.11.2023 frå Ål kommune, der det blir søkt om løyve til utfylling i Strandafjorden (gbnr. 128/10, 125/2, 127/28, 1007/1 og 125/19) i Ål kommune.

Samandrag av søknad

Ål kommune planlegg etablering av ein turveg langs Strandafjorden parallelt med riksveg 7 i Ål kommune. I samband med dette blir det søkt om løyve til utfylling av inntil 2900 m³ massar til Strandafjorden innanfor eit areal på opptil 1550 m². Det blir opplyst i søknaden at ca. 1100 m³ av det totale utfyllingsvolumet vil vera under vatn.

Det er planlagt å nytta lokale skredmassar som er tilgjengeleg ved tiltaksområdet, framfor å køyre massane vekk.

Høyring

Statsforvaltaren i Oslo og Viken har sendt søknaden på høyring i tidsperioden 24.11.2023–18.12.2023. Søknaden er også lagt ut på Statsforvaltaren sine nettsider.

Vi har ikkje fått nokon høyringsinnspel.



Statsforvaltarens vurdering

Generelt

I utgangspunktet er det forbode å forureine, jf. forureiningslova § 7. Etter lovas § 11 kan forureiningsmyndigheita likevel, etter søknad, gi løyve til verksemd som kan medføre forureining. Når forureiningsmyndigheita avgjer om løyve skal gis etter § 11, og fastset vilkåra etter forureiningslova § 16, blir det lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket saman med dei fordelar og ulemper som tiltaket vil medføre, jf. forureiningslova § 11 femte ledd.

Statsforvaltaren vurderer også søknad om løyve opp mot vassforskrifta § 4, som seier at «tilstanden i overflatevatn skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand». I tillegg skal alle saker som får verknad for naturmangfald ifølge naturmangfaldlova § 7, vurderast etter prinsippa i §§ 8-12 i same lov.

Det er verknadene av det omtala tiltaket på den aktuelle staden som er vurdert. Dersom tiltakshavar seinare ønskjer å gjennomføre tiltaket på ein annan måte enn skildra i søknaden må det søkjast på nytt.

Sjølv om forureininga blir heldt innanfor fastsette vilkår, pliktar tiltakshavar å redusere sine utslepp og påverking på miljøet så langt det er rimeleg og utan urimelege kostnader.

Lovgrunnlag og myndigheit

Det å tilføre stein til grunn eller vatn, omfattast av forureiningsomgrepet i forureiningslova § 6. Dersom utfylling av stein vil medføre forureining som forårsakar «nemneverdige skadar eller ulemper» vil dette i utgangspunktet vera forbode, jf. forureiningslova § 7 første ledd og § 8 tredje ledd. Statsforvaltaren kan likevel gi løyve til utfyllingsarbeidar, ut frå ei betraktning av at fordelane ved det forureina tiltaket er av ein slik karakter at den aktuelle forureininga blir rekna som akseptabel, jf. forureiningslova § 11.

Kva som skal til for at utfylling av stein medfører «nemneverdig skade eller ulempe» og som dermed er ein type verksemd som krev løyve etter forureiningslova § 11 for å lovleg kunne finne stad, må vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle. I stor grad er dette noko som vil vera avhengig av forureiningsmyndigheitens skjønn. Relevante moment i ei slik vurdering er tiltakets størrelse, forureinings situasjonen i området, verknadar av tiltaket, saman med tilstanden til resipienten og den allereie samla belastninga på det aktuelle økosystemet.

På bakgrunn av arbeida som blir beskrivne i søknaden, vurderer Statsforvaltaren at utfylling av skredmassar i Strandafjorden kan medføre forureining i form av spreiiing av partiklar. Det aktuelle tiltaket krev derfor løyve etter forureiningslovas føresegn, jf. forureiningslova § 11, jf. § 16.

Statsforvaltaren har behandla saka som rett forureiningsmyndigheit for arbeider som kan føre til forureining i sjø og vassdrag, jf. rundskriv T-3/12.

Vurdering av forureiningspotensial

Utfylling i vassdrag kan medføre spreiiing av partiklar, metall og organiske miljøgifter. Utfylling vil også kunne gravleggja organismar som livnærer seg på botnen i strandsona.

Det er planlagt å bruke lokale skredmassar. Dersom det skulle bli aktuelt å bruke andre utfyllingsmassar enn planlagt, må massane spylast før utfylling for å avgrense utslepp av partiklar og nitrogenforbindelsar.



Statsforvaltaren vurderer at det må gjennomførast avbøtande tiltak for å avgrense partikkelspreiing i samband med det omtala tiltaket. Vi stiller derfor krav om at tiltakshavar skal etablere partikkelsperre (eksempelvis siltgardin) ved alle utfyllingsarbeid som skal gjennomførast i samanheng med tiltaket. Ved utfylling skal det også gjennomførast turbiditetsmålingar i anleggsperioden. Turbiditeten skal målast ved ein stasjon som er direkte påverka av anleggsarbeidet og ved ein referansestasjon som ikkje er påverka. Viss turbiditeten overskrid 10 NTU over referansenivået i 20 minuttar, må arbeidet stansast til turbiditeten har gått ned under grenseverdi. Det tillatast ikkje utfylling i vassførekomsten dersom turbiditetsmålarane er ute av drift.

Det er ikkje gjennomført sedimentundersøkingar i tiltaksområdet ettersom botnen i hovudsak består av ei eldre steinfylling. Dette reduserer risiko for at utfyllingsarbeida kvervlar opp eventuelle botnsediment. Det blir derfor vurdert at risikoen for spreing av forureining er låg, forutsett at vilkåra i løyvet følgast.

Utfylling av forureina massar i vassførekomsten og i strandsona kan medføre forringing av tilstanden i vassførekomsten, samt bidra til skade på organismane som bruker tiltaksområdet som leveområde. For å unngå mogleg forringing av vasskvalitet og skade på eventuelle artar, blir det satt krav om at massar som skal nyttast til utfylling ikkje skal overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar *Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota* (M-608/2016). Det tillatast heller ikkje bruk av reaktive bergartar eller bygnings- og rivningsavfall som utfyllingsmassar. Dersom det blir oppdaga avfall i utfyllingsmassane, skal dette sorterast ut og leverast til godkjent avfallsmottak.

Statsforvaltaren stiller også krav om at det skal gjennomførast ei miljørisikovurdering av alle arbeida i vassdrag. Det skal setjast inn mildnande tiltak der miljørisikovurderinga avdekkjer at det er behov for å redusere risikoforholda.

Statsforvaltaren vurderer at dei fastsette vilkåra i løyvet vil sikre at forureininga frå arbeida holdast innanfor eit akseptabelt nivå. Sjølv om forureininga holdast innanfor fastsette vilkår, pliktar tiltakshavar å redusere sine utslepp og påverking på miljøet så langt det er rimeleg utan urimelege kostnader.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 8 stiller krav om at offentlege avgjerder som rammar naturmangfaldet skal, så langt det er rimeleg, byggja på vitskapeleg kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypars utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverkingar.

I Miljødirektoratets Naturbase (2024) er det registrert naturtypen *evjer, bukter og viker* med viktig verdi (B) ved tiltaket. Lokaliteten er vurdert som viktig da den består av ei stor vegetasjonsrik bukt og gammal gjengrodd kroksjø. Kroksjøar, meandrar og flaumløp er raudlista som ein sterkt trua naturtype (EN). Verdien kunne derfor vore svært viktig (A), men foreløpig fråvæer av raudlista artar gjer at verdi (B) viktig oppretthaldast.

Strandafjorden er også ein verdifull fuglelokalitet som fungerer som rasteplass under trekket (Solvang 2003). Det er registrert nordflaggermus og fleire fuglar av nasjonal forvaltningsinteresse ved tiltaksområdet.

Det ble utført en kartlegging av biologisk mangfald ved Tangevikki langs Strandafjorden ved tiltaksområdet (05.01.2021). Ved bygging av riksveg 7 har det i mesteparten av strekningen langs vatnet blitt fylt på massar ut i vatnet. Det var lite eller ingen vegetasjon i vatnet i strekningen langs



vegen, spesielt ikkje der vegfyllinga var fylt ut i vatnet. Det ble observert at dei aller største verdiane i naturtypen ligg lenger sørvest frå der tiltaket er planlagt. Det er ikkje funne trua eller nært trua artar der tiltaket vil gå.

Søknaden er basert på eksisterande kunnskap om det biologiske mangfaldet i og rundt tiltaksområdet. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til at kravet i naturmangfaldlova § 8, om at avgjerdene skal kvila på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag, er oppfylt. Omsynet til føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova vektleggast derfor i mindre grad. Utfyllinga vil i stor grad leggjast på eksisterande fylling og i sonen påverka av varierende vasstand. Vi vurderer at samla belastninga som økosystemet vil bli utsett for etter § 10 er låg. Statsforvaltaren reknar at fastsette vilkår vil sikra at naturmangfaldet ikkje vil forringast i nemneverdig grad.

Statsforvaltaren minner om at det er tiltakshavar som skal dekke kostnadene ved å unngå og avgrensa skade på naturmangfaldet, jf. § 11 i naturmangfaldlova. Tiltakshavar er også pliktig å nytta miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, jf. § 12 i naturmangfaldlova.

Statsforvaltaren meiner at prinsippa i naturmangfaldlovas §§ 8-12 er oppfylt.

Vurdering etter vassforskrifta

I samsvar med fagdatabasen Vann-Nett ligg tiltaksområdet i vassførekomstane *Strandafjorden* (ID: 012-547-L) og *Hallingdalselvi innløp Strandafjorden* (ID: 012-2049-R). Strandafjorden har god økologisk tilstand på grunn av svært god tilstand av pH, nitrogen og klorofyll A. Vassførekomsten har udefinert kjemisk tilstand. Strandafjorden er i middels grad påverka av diffus avrenning frå husdyrhald/husdyrgjødsel, diffus avrenning og utslepp frå transport/infrastruktur og punktutslepp frå reinseanlegg 2000 PE.

Hallingdalselvi innløp Strandafjorden har moderat økologisk tilstand basert på forureining av kopar. Den kjemiske tilstanden er udefinert. Vassførekomsten er i middels grad påverka av diffus avrenning frå industriar, samt i liten grad påverka av diffus avrenning frå anna kjelde, punktutslepp frå industri og diffus avrenning og utslepp frå transport/infrastruktur.

I samsvar med § 4 i vassforskrifta skal tilstanden i overflatevatn vernast mot forringing, forbedrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomsten skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ny aktivitet og nye inngrep skal derfor ikkje medføre forringing eller vanskeleggjere oppnåing av miljømål som er satt.

Statsforvaltaren vurderer at tiltaket vil kunne påverke vassmiljøet lokalt i tiltaksområdet, men ikkje i heile vassførekomsten. Så fremt utfyllinga i Strandafjorden gjennomførast i tråd med vilkår i løyvet, vil ikkje tiltaket føre til varig degradering av vasskvaliteten eller vanskeleggjere oppnåing av dei fastsette miljømåla.

Samfunnsmessige forhold

I samsvar med forureiningslova § 11 femte ledd, skal dei forureiningsmessige ulempene ved eit tiltak samanliknast med de fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. For tiltak som kan medføre forureining eller skader på biologisk mangfald, vil samfunnsnytta av tiltaket være eit relevant omsyn å vurdere, da dette vil kunne ha betydning for om løyve kan gis. Jo lågare samfunnsnytta er, desto lågare er terskelen for å avslå søknaden. Når samfunnsnytta av eit tiltak er betydeleg, så vil dette kunne vega opp for nokre av dei miljømessige ulempene som tiltaket vil medføre.



Hensikten med gangvegen ved Strandafjorden er å auke trafikktryggleik og leggje til rette for at folk som arbeider i Kleivi næringspark kan gå eller sykle til jobb. Området vil derfor bli brukt til rekreasjon og tiltaket vil vera positivt for friluftslivet og kunne redusere biltrafikk. Sett i lys av dette vurderer Statsforvaltaren at tiltaket er samfunnsnyttig. Vi vurderer at samfunnsnytta av tiltaket overstig dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket.

Forhald til plan

Tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan (PlanID: 2019001) i Ål kommune datert 15.11.2023.

Konklusjon

Statsforvaltaren har vurdert søknaden og vurdert dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket opp mot dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Vi meiner at nytta av tiltaket veg tyngre enn ulempene ved tiltaket. Statsforvaltaren gir derfor løyve til utfylling i Strandafjorden i Ål kommune. Det forutsettast at verksemda drives i samsvar med vilkåra som følgjer av løyvet og forureiningsregelverket.

Vedtak om løyve etter forureiningslova

Statsforvaltaren gir Ål kommune løyve til utfylling i Strandafjorden i Ål kommune. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11. Det er satt vilkår til løyve med heimel i § 16.

Statsforvaltaren har ved avgjerda av om løyve skal gis, og ved fastsetjing av vilkåra, vurdert dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket opp mot dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Løyvet med vilkår følger vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vera basert på skriftleg saksbehandling og forsvarleg utgreiing av saken. Ein eventuell endringssøknad må derfor føreligge i god tid før endring ønskast gjennomført.

At forureininga er tillatt, utelukkar ikkje erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel om gebyr datert 29.11.2023. Vi varsla sats 6 som i 2023 utgjorde kr. 37 400,- for behandling av søknaden. Statsforvaltaren vedtar at forureiningsforskrifta § 39-4 sats 6 kjem til nytte i denne saka. Ål kommune skal betala kr. 37 400,- for Statsforvaltarens arbeid med løyvet. Heimel for vedtaket er forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4.

Gebyrsats blir fastsett på bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i behandling av søknaden. Dette inkluderer gjennomgang av søknaden, møter og korrespondanse med søkjar, høyring av saken samt endeleg ferdigstilling av løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hos Statsforvaltaren inngår også.

Miljødirektoratet vil ettersende faktura.

Klagetilgang

Vedtaket, irekna plasseringa i gebyrsats, kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå underretning om vedtak er komme fram, eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ei eventuell klage skal angi kva det klagast over og den eller dei endringar som ønskast. Klaga bør ha ein grunngjeving, og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren.



Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmodning eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klag er avgjort. Avgjersla av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på. Ved klage på val av gebyrsats skal tilsendt faktura betalast til fristen. Miljødirektoratet vil refundere eventuelt overskytande beløp dersom klagen blir imøtekommen.

Med helsing

Andreas Røed
fagleder
Klima- og miljøvernavdelingen

Brage Sævarang
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyve med mildnande vilkår

Løyve etter forureiningslova til utfylling i Strandafjorden i Ål kommune

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad og under saksbehandlinga.

Viss tiltakshavar ønskjer å gjera endringar i driftsforhald som kan ha betydning for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn da løyvet vart gitt eller sist endra, må tiltakshavar i god tid på forhand søkja om endring av løyvet. Tiltakshavar bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet har tredd i kraft, skal tiltakshavar gjera greie for omfanget for verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Løyvet gjeld frå dags dato til arbeida er ferdigstilte (med forbod mot utfylling i Strandafjorden i perioden 15. mai – 15. september).

Bedriftsdata

Tiltakshavar: Ål Kommune
Tiltakshavars adresse: Torget 1, 3570 ÅL
Org. nummer: 974639807
Tiltaksområde: Nordsiden av Strandafjorden i Ål kommune
NACE-kode og bransje: 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer: 2024.0062.T		
Løyve første gang gitt: 18.01.2024	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: -	Løyve sist endra:
Andreas Røed Fagleder		Brage Sævarang rådgivar

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Saksnr.	Omtale av endring
00.	18.01.2024	2023/42122	Løyvet ble gitt

Innhald

1	Løyvets ramme	3
2	Generelle vilkår	3
2.1	Gjennomføring av tiltak	3
2.2	Sikring av tiltaksområdet	3
2.3	Varsling av tiltaksgjennomføring	3
2.4	Ansvar for å overhalde vilkår i løyvet	3
2.5	Utsleppsavgrensingar	4
2.6	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	4
2.7	Endring av vilkår	4
2.8	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.9	Tiltaksplikt ved økt forureiningsfare	4
2.10	Internkontroll	4
2.11	Omsyn til friluftsliv og naturmiljø	5
2.12	Tilsyn	5
3	Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining	5
3.1	Miljørisikoanalyse	5
3.2	Førebyggjande tiltak	5
3.3	Avvikshandtering	5
3.4	Etablering av beredskap	6
3.5	Varsling av akutt forureining	6
4	Utfylling	6
4.1	Gjennomføring av utfyllinga	6
4.2	Krav til utfyllingsmassar	6
5	Kontroll og overvaking	7
5.1	Kontroll- og overvåkingsprogram	7
5.2	Overvaking	7
5.3	Kvalitetssikring av målingane	7
6	Støy	7
7	Rapportering	7

1 Løyvets ramme

Løyve til utfylling av massar i Strandafjorden i Ål kommune gis i samband med etablering av turveg.

Det gis løyve til utfylling av inntil 2900 m³ steinmassar til Strandafjorden over eit areal på opptil 1550 m². Tiltaket skal gjennomførast som skildra i søknaden og i samsvar med reguleringsplanens føresegn.

Det skal nyttast partikkelsperre (eksempelvis siltgardin) under arbeida.

Det gis ikkje løyve til å gjennomføre utfylling av massar til vassførekomsten/strandsona dersom turbiditetsmålarane er ute av drift.

Av omsyn til friluftsliv, rekreasjon og naturmangfald tillatast det ikkje utfylling til vassførekomsten i perioden 15. mai – 15 september.

Ål kommune (heretter kalla tiltakshavar) er ansvarleg for at alle vilkår i dette løyvet følgast.

2 Generelle vilkår

2.1 Gjennomføring av tiltak

Det er ein føresetnad at tiltaket blir gjennomført som angitt i søknad dersom ikkje anna kjem fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren. Vesentlege endringar i forutsetningane i forhold til det som er oppgitt i søknaden tas opp med Statsforvaltaren i god tid før endringane vil bli gjort gjeldande.

2.2 Sikring av tiltaksområdet

Dei delar av tiltaksområdet kor det aktivt utførast arbeid på land, skal haldast avsperra og ikkje vera tilgjengeleg for publikum.

2.3 Varsling av tiltaksgjennomføring

Tiltakshavar skal varsle Statsforvaltaren seinast 1 uke før tiltaket blir sett i gang og når tiltaket er avslutta.

2.4 Ansvar for å overhalde vilkår i løyvet

Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet blir overhalde, og pliktar å orientere vedkommande som skal gjennomføra tiltaka om dei vilkåra som gjeld, samt dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.

2.5 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betydning, er uttrykkjeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i punkt 3 til 7 i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkjeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp er komme fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast å ha vore kjent på annan måte da vedtaket vart treft. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av disse forbindelsane er berre tillate viss utsleppa er så små at dei må reknast for å vera utan miljømessig betydning, eller anna er bestemt i punkt 3 til 7 i løyvet.

2.6 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå arbeida, medrekna utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa haldast innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar tiltakshavar å redusera sine utslepp, medrekna støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

2.7 Endring av vilkår

Statsforvaltaren kan oppheva eller endre vilkåra i løyvet, setja nye vilkår, og om nødvendig kalla løyvet tilbake, dersom vilkår gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på same grunnlag rett til, på alle tidspunkt, å stoppe arbeida.

2.8 Plikt til førebyggjande vedlikehald

Tiltakshavar skal sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha utsleppsmessig betydning. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal kunne dokumenterast.

2.9 Tiltakspunkt ved økt forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining, pliktar tiltakshavar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader å setja i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Dette inkluderer om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogleg informere forureiningsmyndigheit om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast, jf. vilkår 3.5.

2.10 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal blant annet sikre og dokumentere at utøvande entreprenør overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovane. Tiltakshavar pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Tiltakshavar pliktar til kvar tid å ha oversikt over alle forhold som kan medføra forureining og kunne gjera greie for risikoforhald. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining følgjer av vilkår 3.1.

2.11 Omsyn til friluftsliv og naturmiljø

Ved gjennomføring av tiltaket må tiltakshavar tilpasse arbeidet og ta omsyn til friluftsliv og naturmiljø i området.

2.12 Tilsyn

Tiltakshavar pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheiten eller dei som denne bemyndiger, føre tilsyn med anlegga til kvar tid.

3 Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

3.1 Miljørisikoanalyse

Tiltakshavar skal gjennomføre en miljørisikoanalyse, og vurdere resultatene i forhold til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatta alle forhold ved tiltaket som kan medføre akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Tiltakshavar skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli ramma av akutt forureining og de helse- og miljømessige konsekvensar slik forureining kan medføre.

3.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal tiltakshavar iverksette risikoreducerande tiltak. Både sannsynlighetsreducerande og konsekvensreducerande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

3.3 Avvikshandtering

Avvik (brot på forureiningsregelverket) som er av eit visst alvor og/eller som er stadig gjentakande, skal avvikshandterast i samsvar med føresegna i internkontrollforskrifta § 5, annet ledd, punkt 7. Dette inkluderer årsakene til at avvika har skjedd, vurderingar og iverksetjing av strakstiltak for å rette avvika, og vurderingar og iverksetjing av mildnande tiltak for å hindre at liknande avvik skal skje på nytt. Avvikshandteringa skal dokumenterast skriftleg.

3.4 Etablering av beredskap

Tiltakshavar skal på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og halde ved like ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vera tilpassa den miljørisikoen som tiltaket til kvar tid representerer.

3.5 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar til forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining. Tiltakshavar skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren i slike tilfelle. Kystverket er rett myndigheit for akutt forureining, og skal kontaktast på følgjande telefonnummer: 33 03 48 00, eller e-post: vakt@kystverket.no.

4 Utfylling

4.1 Gjennomføring av utfyllinga

Utfylling av massar skal gjerast på ein måte som minimerer spreieing av forureining, og skal gjennomførast så skånsamt som mogleg med de beste tilgjengelege teknikkar (BAT).

Alle utfyllingsarbeid skal gjennomførast bak etablert partikkelsperre (eksempelvis siltgardin). Partikkelsperre må dekkja heile vassøyla, og ved avslutning av tiltaket må partikkelsperre fjernast på ein måte som hindrar spreieing av partiklar.

Det må gjennomførast turbiditetsmålingar ved alle utfyllingsarbeid som gjennomførast i vassførekomsten eller i strandsona.

Mengder og tidspunkt for utfylling av massar, samt utfyllingsstad skal loggførast og rapporterast, jf. vilkår 7. Oversikta skal vera tilgjengeleg for forureiningsmyndigheiten. Tiltakshavar skal gjennomføre naudsynte tiltak for å hindre at tiltaket fører til spreieing og etablering av uønskte framande artar¹.

4.2 Krav til utfyllingsmassar

Massar som skal nyttast til utfylling skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II i samsvar til Miljødirektoratets rettleiar M-608/2016. Det tillatast heller ikkje bruk av reaktive bergartar eller bygnings- og rivningsavfall som utfyllingsmassar. Dersom det oppdaga avfall i utfyllingsmassane, skal dette sorterast frå og leverast til godkjent avfallsmottak.

Det er planlagt å nytta lokale skredmassar. Dersom det skulle bli aktuelt å nytta andre utfyllingsmassar enn planlagt, må massane spylast før utfylling. Det må då i tillegg etablerast system for å reinse eventuelt spylevatn som oppstår.

¹ Jf. Artsdatabanken (2018). Fremmedartslista 2018. Listen finnes på www.artsdatabanken.no.

5 Kontroll og overvaking

5.1 Kontroll- og overvakingsprogram

Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av arbeida i vassdrag i samsvar med eit kontroll- og overvakingsprogram. Kontroll- og overvakingsprogrammet skal inngå i internkontrollen.

5.2 Overvaking

Tiltakshavar skal ha ein tilstrekkeleg turbiditetsovervaking til å avdekkja eventuell spreining av forureining i samband med gjennomføring av tiltaket.

Under anleggsperioden skal det kontinuerleg takast prøver/målingar av:

- Turbiditet i minst ei referansestasjon som ikkje er påverka av arbeida.
- Turbiditet i minst ei målestasjon som er påverka av anleggsarbeida og som maksimum ligg 100 meter frå tiltaksområdet.

Måleprogram for turbiditet skal inngå i kontroll- og overvakingsprogrammet.

Viss turbiditeten overstig 10 NTU over referansenivået i 20 minutt, må arbeidet stansast til turbiditeten har gått ned under grenseverdien og problema som førte til spreininga er løyste. Ved teknisk stopp i turbiditetsmålarane må arbeidet stansast. Turbiditetsmålarane må plasserast på ein slik måte at dei fangar opp partikkelspreining frå tiltaket. Det skal føreligge ei fagleg vurdering med grunngeving for kvifor turbiditetsmålarane plasserast der dei gjer. Denne vurderinga skal vera skriftleg og forankra i den dokumenterte miljørisikovurderinga.

5.3 Kvalitetssikring av målingane

All prøvetaking, behandling og analyse skal utførast etter Norsk Standard (NS). Dersom NS ikkje finst, kan annan, utanlandsk/internasjonalt standard nyttast. Laboratorium/tenester med relevant akkreditering skal nyttast der dette er mogleg.

6 Støy

Tiltakshavars bidrag til utandørs støy skal vera i tråd med *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021).

7 Rapportering

Det skal førast logg over resultat frå tiltaket og eventuelle uønskte hendingar og korrigerande tiltak.

Sluttrapport

Ein rapport frå arbeidet skal sendes Statsforvaltaren seinast 6 veker etter at tiltaket er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Skildring av tiltaket og utført arbeid.

- Skildring av uønskete hendinger som har oppstått under arbeide, og kva mildnande tiltak som har blitt sett i verk.
- Dokumentasjon av utfylt område (gjengitt på kart med koordinatar), tidspunkt for utfylling, samt mengd masse fylt ut.
- Skildring av erfaring med utstyr, teknologi osv.
- Resultat frå turbiditetsmålingar.
- Dokumentasjon på at massar som er fylt ut tilfredsstillar tilstandsklasse I-II i samsvar med M-608/2016.

Vedlegg 1 – Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.5

Utslepp av disse komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 flg.

Metall og metallforbindelsar:

	Forkortingar
Arsen og arsenforbindelsar	As og As-forbindelsar
Bly og blyforbindelsar	Pb og Pb-forbindelsar
Kadmium og kadmiumforbindelsar	Cd og Cd-forbindelsar
Krom og kromforbindelsar	Cr og Cr-forbindelsar
Kvikksølv og kvikksølvforbindelsar	Hg og Hg-forbindelsar

Organiske forbindelsar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2` ,6,6` -tetrabromo-4,4` isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorete organiske forbindelsar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorete dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorete alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorete bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Trikloran(2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelsar

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenol og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelsar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte forbindelsar	PFOS, PFOS-relaterte forbindelsar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte forbindelsar	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelsar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte forbindelsar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelsar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelsar

Tributyltinnforbindelsar	TBT
Trifenyltinnforbindelsar	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelsar	DBT
Dioktyltinnforbindelsar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon

PAH

Ftalat

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksan

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350